


## Resolusjon mot sandtak opp på årsmøtet

19.01.2010



Dette er uttaksområdet for sandtaket slik det er attgjeve i reguleringsplanen.

**Ei gruppe på 4 har fremma ein resolusjon mot sandtak på Øvre Døssland som dei ynskjer at årsmøtet i Uskedalen Utvikling skal gjeva si tilslutning til måndag.**

**Forslagsstillarar er Geir Enes, Odd Steinar Arnesen, Bjørn Olav Tveit og Kjell Erik Taranger.**

**Resolusjonen har denne ordlyden:**

## Resolusjon mot sandtak i Uskedalen

Uskedalen Utvikling (UU) rår frå at det vert etablert sandtak på øvre Døssland. Dette standpunktet er tufta på fire omsyn:

1. Omsyn til Uskedalen som ei bygd med eit attraktivt bumiljø.
2. Omsyn til Uskedalen som ei bygd med eit særprega landskapsmiljø.
3. Omsyn til elvefisket.
4. Omsyn til Uskedalen som besøksmål for turistar og andre.

UU meiner at det planlagde sandtaket vil redusere verdien av Uskedalen som eit godt og aktivt bumiljø. Aktivitetane i sandtaket vil innskrenke handlingsrommet og redusere livskvaliteten for svært mange folk i bygda, og vi meiner såleis at planane om eit sandtak står i direkte motstrid mot vår oppfatning av ei positiv utvikling for bygda.

Uskedalen har i dag eit unikt særpreg, omkransa av spektakulære fjell og med nærleik til fjorden, med kulturlandskap på både sider av ei buktande elv der laks og aure trivst. Dalen er i dag lite skjemd av inngrep i naturen, tvert om framstår dalen som rein og urørt. UU ynskjer å ivareta omsynet til dette særpreget, då vi meiner at dette er vårt viktigaste aktivum.